



Felleskorpsset av skulemusikken og musikklaget.

Så har soknerådet lagt bak seg nok eit fullt hus i samband med ein konsert i kyrkja. Over 200 har ikveld hatt ei stor oppleving under den tradisjonelle julekonserten. Det vart ikkje kravd billetter, men likevel kom det inn i overkant av 8000 kroner til det gode føremålet.



Røyserett for alle kom bra frå framføringa av juleprogrammet sitt.

Det var ein konsertkveld med mange høgdepunkt og ein ledig regi, og det er som vanleg ikkje tilrådeleg å føre noko karakterbok. Men for eigen del vart vi mest imponert over dei 2 korpsa. Skulemusikken og musikklaget som har lagt nye musikalske alen til sin vekst. Mest imponert var vi over tolkinga av Marys Boy Child.

Ei ny gruppe var også med i konserten - den kalla seg GLIMRAH, var sett saman av Malmsten-elevar og hadde ein riktig lovande debut med 2 songar frå 1400-talet. Fleire solosongarar bør det også settast strek under. Vi tenkjer her ikkje minst på gitaristen Sondre Klyve, men også på Svein Bergseth. Han song mellom anna O Helga natt og gjorde det bra.

Sokneprest Lina Håland imponerte nok ein gong med songen sin. Røyserett for alle song Jul, Jul også denne gongen, og trekkspelklubben fekk mest klapp for Din riksdag Jesus vera skal av Haydn. Men dei hadde også Bach på programmet.

Konserten fekk ein vakker slutt med Deilig er jorden. Som vanleg hadde den ingen streng programleiar og tente på det.



Kvinnherad trekkspelklubb er eit fint og trufast innslag på julekonserten.



Skulemusikken opna konserten og er stadig i positiv utvikling



Svein Bergseth heva konserten med framføringane sine av Nordnorsk Julesalme og O Helga Natt.



Nydeleg euphoniumssolo av Julie Skeie Olsen saman med skulemusikken



Lina Håland bar fram adventshelsing og imponerte nok ein gong med vakker song.



Sondre Klyve imponerte verkeleg med gitarspelet sitt då han framførte to julesongar.



Vokalgruppa GLIMRAH hadde ein god debut med songar frå 1400-talet.



Allsang av Deilig er jorden til tonefølgje av musikklaget var ei fin avslutning på konserten.

Tekst: Ola Matti Mathisen
Foto: Hans Ordin Østebø
Nett: Thor Inge Døsland